

Digital samkonsultasjon - voksenpsykiatriske tenester

Saka gjeld:

Samarbeidsprosjekt mellom Helse Førde og kommunar i nedslagsfeltet. Totalt er det 13 kommunar i Indre Sogn og Nordfjord som er starta med utprøving. Prosjektet gjeld bruk av digital samkonsultasjon mellom kommunale helsetenester, spesialisthelsetenesta og pasient med psykiske lidningar.

Aktuelle pasientar er psykisk sjuke personar med helsetilbod/helsehjelp både frå kommunale helsetenester og spesialisthelsetenesta. Prosjektet fokusera på korleis overgangar og oppfølging av pasientar med omfattande behov kan bli betre ved bruk av videokonsultasjon.

Bakgrunn:


I dag ser ein at mange pasientar blir utskrivne utan gode overføringsmøte mellom spesialisthelseteneste og kommune. Årsak til dette kan vere utfordringar med reiseveg og kapasitet til å delta på fysiske møter.

Med digital samkonsultasjon er målsetjingane:

- Betre tenestetilbod med auka kvalitet i tilbodet
- Auka meistring og sjølvstendigheit for brukarar
- Betre ressursutnytting på tvers av tenestenivå og sektorar

Førande for prosjektet er at vi skal jobbe med eksisterande løysingar og at det ikkje skal medføre auka ressursbruk knytt til pilotering. Begge instansar har naudsynt utstyr frå før og ein nyttar videotenester gjennom Norsk Helsenett.

Planlagt forløp visualisert i modell:



Aktuelt:

I samarbeid med e-helse Vestland er det søkt helsedirektoratet om prosjektmidler med prosjektittel: *Nye berekraftige helsetenester – Tre parts videokonsultasjonar på brukaren sine premiss.*

Sunnfjord kommune er søkjar for prosjektet som er tett kopla mot det store prosjektsamarbeidet E- helse Vestland. E-Helse Vestland blei beslutta samordna med DigiVestland 29.november 2022. All aktivitet i E-Helse Vestland er overført i noverande form til DigiVestland sitt «program for velferdsteknologi og digital heimeoppfølging» med mål om god koordinering og spreiiing til heile Vestlandet.

Vedlegg:

1. Prosedyre for digital samkonsultasjon
2. Lenke til informasjonsvideo: <https://vimeo.com/808028567/08696cce9d>